

Nr. 1 - februar 2024

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

11.februar

Fjon fjellkyrkje kl.16:00

Lysmesse v/Torbjørn Sæle, konfirmantane i Masfjorden, Boris Kuprijanov med fleire. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Kristen Idrettskontakt – KRIK

14.februar

Frøyset kyrkje kl. 19:00

Songkveld v/ Torbjørn Sæle, Eli Eidsnes, Boris Kuprijanov med fleire.

Allsong leia av forsongarar, solosong, musikkinnslag, verbale innslag.

Takkoffer til kulturarbeid i kyrkjene i Masfjorden.

18.februar

Sandnes kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Dåp og nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

10.mars

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

10.mars

Solheim kyrkje kl. 14:30

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

17.mars

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle, Tina Meland Lønnebakken og Boris Kuprijanov
«Tårnagentane» deltek. Kyrkjekaffi

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no.

DØDSFALL

21.11.23 Kjellaug Berit Eikemo, f. 1937

19.12.23 Håkon Bjarne Kjetland, f. 1947

12.01.24 Gerd Astrid Wergeland Haugsvær, f. 1938

13.01.24 Liv Margot Duesund, f. 1956

25.01.24 Gunnar Noralf Rambjørg, f. 1947

30.01.24 Olga Andås, f. 1928

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



**DET ER HÅP
I EIN DROPE
VATN**

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

Vipps 300 kroner for å gje ein person varig tilgang til reint vatn.

VIPPS til 2426

 **KIRKENS NØDHJELP**
actalliance

Framsida: Utsikt mot Solheimsneset

Foto: Liv Duesund (etter løyve frå familien)

ANDAKTAR VÅREN 2024

på Masfjorden sjukeheim

Kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova
ca. kl. 12.40: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

18. januar	18. april
1. februar m/nattverd	2. mai
15. februar	30. mai m/nattverd
7. mars	13. juni

Skjærtorsdag 28. mars: Påskegudsteneste kl. 16.00

Onsdag 17. mai: 17.mai-gudsteneste kl. 15.30

VELKOMEN 😊



DEN NORSKE KYRKJA

Masfjorden sokn


ved sokneprest Torbjørn Sæle

mobil 95 14 16 85

BARNAS SIDE

Finn fem feil!

Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R	A
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å	J
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T	S
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	T	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ	M
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P	O
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I	R
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P	O

Gje
barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta
frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



Vitsar

Ein musunge titta
ut av museholet om
kvelden. Då fekk han sjå
ei flaggermus.
– Mamma! ropa musun-
gen. – Eg har sett ein
engel!

– Eg håpar det
ikkje blir regn i dag,
sa kengurumamma.
– Det er så travelt når
ungane leikar inne.

KORLEIS BE?

Eg hugsar første gongen eg bad høgt saman med andre. Det var i ungdomstida og eg leita nok litt etter orda då eg tok sjansen. Det var nytt, litt skummelt, men mest fint. I alle fall etterpå. For neste gong gjekk det lettare. Etter kvart vart det meir naturleg.

Det er ikkje alltid så lett å vita kva vi skal be om og korleis vi skal be. Det kan vera vanskeleg å finna både tida og orda. Men bøn handlar ikkje om å finna fine formuleringar eller å ramsa opp mest mogleg. Det handlar om eit møte mellom deg og Gud.

For bøn er å samtala med Gud. Vi kan snakka til Gud, og seia det sånn som det er – og vi kan lytta til Gud, som høyrer når vi ber. Kanskje vil Gud visa akkurat deg noko gjennom bøn?

Læresveinane til Jesus lurte også på dette med bøn. Til svar fekk dei den bøna som sidan den gong har blitt bedt så mange gongar og er blitt verdas mest kjende bøn. Jesus gav dei – og oss – Fadervår eller Vår Far som den startar med i nyare omsetjingar (Matteus 6,7-13). Det er ei bøn som rommar mykje om vårt forhold til Gud og til andre menneske.

Vi kan be saman med andre og åleine, vi kan bruka eigne ord eller bruka andre sine formuleringar. Vi kan be for andre og for oss sjølv – for ting som skjer og hendingar i verda. Og vi kan be med kroppen: Vi kan knela, falda hendene eller tenna lys. Nokre gongar kan vera fint å ha andre sine ord å støtta seg til i bøn. Andre gongar er det fint å be stilt eller høgt med dei orda som kjem naturleg frå hjartet – i glede eller frustrasjon, med takk eller med eit ønskje om at noko skal skje.

Lista kunne vore så mykje lenger. Det finst mange verktøy i bøneskuffa. Ta fram dei som passar for deg – og ta dei i bruk. Eit ønske om å be, er også ei bøn. Det er lov å be om hjelp – til å be! Det er noko fint med det. Og vi kan begynna med å be: «Gud, lær oss å be. Amen.»

Nokon er meir vande med bøn enn andre, men ingen er utlærde. Eg har stadig noko å læra, også om bøn. Ein dag eg var ute og gjekk og bad stille, begynte eg plutselig å nytta på ein ny melodi. Etter kvart fekk tonane følge av fleire setningar som vart til eit refreng og nokre vers.

Her er det som vart mine bøneord. Skulle nokon vera interessert i notar, er det berre å ta kontakt på torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Gud, lær oss å be

*Gud, lær oss å be
i tru på ditt ord
Lat viljen din skje
i himmel, på jord*

1. Når hat i verda rår
din kjærleik den består
Eg søker din fred
Gud, send den hit ned

2. Om draumar fell i grus
med håp fyll opp mitt hus
Eg ventar på deg
Gud, vis neste steg

3. I glede og i sorg
er du mi faste borg
Eg stolar på deg
Gud, du er min veg

Av Torbjørn Sæle, sokneprest

LYSMESSA VERT PÅ FJON FJELLKYRKJE

Me hadde gleda oss til lysmesse saman med alle konfirmantane i Masfjorden den 21. januar i Sandnes kyrkje . Men med verskifte frå masse snø til regn, med tilhøyrande glatte vegar og stor rasfare, såg me oss nøydt til å utsette dette.

Helga 9.-11. februar skal årets konfirmantar på sin andre leir på Fjon fjellkyrkje, og då er lysmessa flytta til søndagens gudsteneste der kl. 16.00.

Alle er med dette invitert til lysmessa, som då altså blir på Fjon fjellkyrkje 11. februar kl. 16.00 med påfølgjande kyrjekaffi.

Ver gjerne med å be for konfirmantleiren og for årets 20 konfirmantar.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje
Foto: Bo Mathisen, DNK



SONGKVELD I FRØYSET KYRKJE

14.februar kl. 19:00 er me igjen klare for songkveld i Frøyset kyrkje.

Det har vist seg at slike songkveldar er godt mottekne av masfjordingane, og me gler oss til på ny å samlast i kyrkja til ein kveld der songen og musikken står sentralt.

Det vert allsong leia av ei forsongargruppe, solosong, musikalske og verbale innslag. Organisten vår Boris Kuprijanov er med på piano og orgel som vanleg.

Song og musikk bind folk saman, kan gje trøyst når ein er trist, og er ein flott måte å uttrykke stor glede på.

Kvelden vert avslutta med eit felles kveldsmåltid med høve til å slå av ein prat.
Me håpar at mange vil ta turen til Frøyset kyrkje denne onsdagskvelden.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

KYRKJA TRENG TÅRNAGENTAR!

I år igjen har det skjedd underlege ting i kyrkjene våre, og me treng deg som er agent til å hjelpe oss med å løyse det. Er du eller vert du 7, 8 eller 9 år i 2024? Då er du hjarteleg velkomen som tårnagent.

I år vert Tårnagenthelga i Frøyset kyrkje, laurdag 16. og sundag 17. mars.

Målgruppa får ein invitasjon i posten med meir informasjon.

Tårnagent er eit trusopplæringstiltak, som har blitt ein tradisjon for kyrkjene i Masfjorden. Her samlast me for å løyse gåter, mysterium og oppgåver. Det byrjar på laurdagen, der me har ei velkomstsamling for å verta betre kjent med kyrkja, kvarandre og det me skal gjera. Me kjem til å ha ulike leiker, aktivitetar og ikkje minst løyse oppdrag som agentar. Det vert også agentmåltid, song, lesing ifrå Bibelen og me skal førebu gudstenesta som skal vera sundagen. Agentane er delaktige i gudstenesta, så då ynskjer me at familie, fadrar, venar og andre samlast i kyrkja til søndagsgudstenesta.

Frivillig: For å kunne gjennomføre tårnagent, så treng me hjelp av frivillige. Det kan vera hjelp til å lage mat, rydde og vera til stades for borna. Me set stor pris på all hjelp me får. Vil du hjelpa til på Tårnagenthelg? Ta kontakt med trusopplærar Tina Meland Lønnebakken.

Tekst: Tina Meland Lønnebakken, trusopplærar.



Dagen i dag

Livet haster av sted
Så fort forsvinner hvert år
Stans opp og ta Jesus med
Da vet du hvor veien går

Dagen heter i dag
Gårsdagen dro forbi
I morgen vet ingen av
I dag er nådens tid

Tekst og teikning: Lillian Kvinge



HJARTE FOR VATN KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut.

Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrør. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Faktaboks:

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/

eller rehabilitering av brønnar og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.

- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

Tekst og foto: Kirkens Nødhjelp.

FASTEAKSJONEN 2024

Håp i ein dråpe vatn

Nesten 800 millionar menneske lever i dag utan tilgang til reint vatn i verda pga. jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera naud og fattigdom i verda. Organisasjonen jobbar for fred og rettferd, og for å redda liv.

I den årlege fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadane dette har for eit menneske.

I romjula fekk eg føle litt på dette med å ikkje ha vatn slik me pleier i huset mitt. Me var utan det vanlege vatnet i springen ein halv dag, men det var ikkje synd på oss. Det var friskt vatn i bekken utanfor, så me

kunne bera inn vatn. Og etter litt ordning, var det igjen vatn i huset.

Men det fekk meg til å tenkja på kor heldige me er her i Norge, og kor viktig fasteaksjonen og arbeidet til Kirkens Nødhjelp er.

Årets aksjonsdagar er 17.-19. mars. Då kjem konfirmantane i Masfjorden på dørene med bøsser. Du kan gje gåva di i kontantar på bøssa, eller gje på Vipps nr. 2426. Ta godt imot konfirmantane desse dagane, så er du med på å gje reint vatn til fleire gjennom Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



GRAVSTELL

Nett no er det vinter, men me lengtar etter våren. Og med den kjem det tid for å plante og stelle gravene til våre kjære. Kyrkjeverja minner om at det er mogleg å få hjelp til planting og stell av familiens graver.

Du kan bestille ein avtale om gravstell hjå oss. Då plantar kyrkjegardsarbeidaren vår stemorsblomar i mai, begonia om sommaren, lyng på hausten og legg krans på grava til jul.

Prisen for eit år er kr. 1779,- for ei enkelgrav eller 1949,- for ei dobbelgrav inkl. mva.

Ta kontakt på e-post til:

kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no eller på tlf. 56 16 62 61 om du ynskjer ein slik avtale eller meir informasjon.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



VIL DU VERA MED Å LAGA PÅSKEPYNT?

Før påske vil me arrangere påskeverkstad for barn, som skal vera **onsdag 20. mars**. Her skal me både vera kreative og lage ting, men òg leike. Vi kjem til å teikne, lime, male og drive på med ulike handverksarbeid. Me kjem også til å lese ifrå Bibelen, og fortelje historier om påska ifrå Bibelen.

Meir informasjon kjem, så høyrrest dette gøy ut, følg med på heimesida til kyrkja i Masfjorden.

Tekst: Tina Meland Lønnebakken



“SOKNERÅDSPRATEN” MED ATLE NORDLAND

-Kan du fortelja litt om deg sjølv?

-Eg heiter Atle Nordland, er 54 år, gift og har 3 barn. Er oppvaksen på Andvik, men bur no på Sandnes. Eg er glad i det som har med friluftsliv å gjera, så eg er mykje ute i naturen både, haust, vinter, vår og sommar. Der går det i skigåing, jakt og fotturar.

-Kva betyr kyrkja for deg?

-Kyrkja er ein del av kulturen, og ein viktig samlingsplass. Når noko oppstår så kjem folk til kyrkjene, og kyrkja tek imot deg. Den tek imot deg når ein har det vanskeleg, og er ein del av kriseteamet.

-Kva er motivasjonen din for å vere med i soknerådet?

-Det å kunne oppretthalde kyrkja som ein møteplass. Det er også fint å kunne vera med og ta del i lokalsamfunnet. Ein møter også mange andre, og det vert skapt relasjonar.

-Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet vårt?

-Kyrkja har vore ein viktig del av tradisjonen vår gjennom fleire hundre år.

-Kva bør kyrkja i Masfjorden satse på framover?

-Det å byggje vidare på det som allereie fungerer.

-Har du eit godt møte eller minne med kyrkja som du vil fortelje om?

-Eg er både døypt, konfirmert og gift i Sandnes kyrkje, så eg kjenner ei tilhøyrsløse til den kyrkja. Nokre av barna mine er også døypt der, og alle tre er konfirmert der.

-Kva salme syng du helst i kyrkja?

-Nei, eg har nok ikkje ein favorittsalme. Eg syng med på dei som vert nytta i kyrkja.

-Kvar har du sett pris på med å vere med i soknerådet?

-Når ein har vore med i soknerådet ein gong tidlegare, så forstår ein gjerne meir korleis ting heng saman. Det er viktig at nokon stiller opp, og då kan eg vera med på å gjera mitt bidrag.



-Kva tek du med deg frå sist gong du sat i soknerådet?

-Det at ein veit at alt fikser ikkje seg sjølv, og at alle må ta sin del. Det kan vera snakk om ulike ting, som å lage kyrkjekaffi, eller å vera vakt på konfirmasjonsleir. Nokon må gjera det, for at ting skal gå rundt. Det å ta del i planlegging og organisering av ulike tiltak, og sørge for at det ser bra ut i kyrkja er viktige oppgåver.

Intervjua av Tina Meland Lønnebakken, foto: Privat

MASFJORDEN ER EI MESSE VERDT

Laurdag 9. desember vart det halde ortodoks gudsteneste i Frøyset kyrkje. Truleg er dette fyrste gongen det er halde ei slik messe i Masfjorden. Bakgrunnen for dette var at Kyrkja i Masfjorden hadde invitert ukrainarane som bur i Masfjorden, Gulen, Austrheim og Fedje til ei førjulssamling i Nordbygda samfunnshus på Risnes, og denne gudstenesta var ein del av programmet for dagen. Saman med venene våre frå desse nordhordlandskommunane deltok også ein god del ukrainarar frå den ortodokse Kristi Åpenbaringsmenighet i Bergen, og ein del av dei som sit på akuttmottaket for ukrainske flyktningar i Solheimsviken. Totalt var eit hundretals menneske samla i samfunnshuset på Risnes denne dagen. Gudstenesta var annleis enn det vi er vane med, med ein langt meir utbrodert liturgi enn vår.

Også innslag som vi kjenner frå vår eigen liturgi, som til dømes nattverden, vart gjennomført på ein annan måte enn hos oss. Men om formene er ulike, er innhaldet det same.

Eit svært spesielt innslag var då presten, Dmytro Ostanin, innvia eit nyanskaffa ikon og presenterte dette for dei frammøtte. Motivet på ikonet er erkeengelen Mikael. Men det spesielle med dette ikonet er gjenstanden det er måla på, nemleg innsida av ein ammunisjonskasse, som i si tid har romma meir enn to og eit halvt tusen patroner. Eit vakkert ikon, og samstundes ei ubehageleg påminning om kvifor vi har så mange ukrainarar hos oss i desse dagane.



01: Vår eigen Stian Søvik var ein god kjentmann på kjøkenet då kyllingsuppe til 100 personar skulle lagast.

Foto: Oddbjørn Rosnes

02: Oksana Sirman som bur på Sandnes og Tanya Rudenko som bur på Hosteland lagar til festmat - wraps med røykt aure. Foto: Oddbjørn Rosnes

03: Nærbilete av ikonet som vart innvia i Frøyset kyrkje denne dagen

04: Det ukrainske koret i aksjon på julekonserten i Sandnes kyrkje



Alvoret til tross - gudstenesta vart avslutta med smil. I staden for å lyse velsigninga slik vi er vane med, gjekk presten ned i kyrkja og skvetta vievatn på gudstenestedeltakarane. Det vart teke imot med breie smil. Snakk om bokstavleg tala å spreie glede!

Etter gudstenesta fekk dei ukrainske venene våre tid og høve til eit å dele eit måltid mat i Nordbygda samfunnshus - ukrainsk, naturlegvis, laga av dei sjølve. Vi norske som var til stades, fekk eit lite innsyn i den fine matkulturen ukrainarane har.

Det vart også tid til eit lite kulturprogram, der det å synge saman var ein viktig del. Inderlegheita i songen, ansiktsuttrykka, dei blanke augene - alt dette viste tydeleg korleis song kan samle oss og styrke kjensla av å høyre til.

Avslutningsvis reiste festlyden til Sandnes, der dei deltok på julekonserten som vart halden i Sandnes kyrkje denne ettermiddagen. Der bidrog dei i programmet med soslospel på fløyte av Anastasia Ostanin, dotter til soknepresten, samt eit nokså nystarta kor, som framførte nokre ukrainske julesongar.

Det var planen at ukrainarane skulle vere med å synge «Deilig er jorden» saman med resten av publikum, men av omsyn til kviletidsreglementet for bussjåførane vart ein nøydd å reise frå kyrkja før konserten var slutt.

Arrangementet er resultatet av eit godt samarbeid mellom Kyrkja i Masfjorden, Kristi åpenbaringsmenighet, og Masfjorden og Austrheim kommunar, som bidrog til finansieringa av arrangementet, Frivilligsentralen i Austrheim, BNR sin veteranbussklubb, samt ei rekkje frivillige som på ulikt vis bidrog til å dra i land dette prosjektet. Det er all grunn til å takke alle medhjelparane varmt for den gode innsatsen deira.

I ettertid er det kome mange gode attendemeldingar på arrangementet, både frå dei arrangementet var laga for, og frå dei som var med og laga det til.

Dette inspirerer til liknande samkomer i framtida. Kan hende vert det ei ny samling alt i juni?

Tekst: Rune Garmann
Foto: Oddbjørn Rossnes, Nordhordland avis,
Rune Garmann

Foto oppe t.v.: Sokneprest Dmytro Ostaning presenterer det nye ikonet for dei frammøtte.

Foto nede t.v: Velsigning med vievatn



Min salme: “NOEN MÅ VÅKE I VERDENS NATT”

Heilt sidan eg var på Salmekveld med Svein Ellingsen i Dale kyrkje då eg i ungdomen var medlem i Stamnes Ten Sing, har denne salmen følgt meg.


Svein Ellingsen fortalte om sine livserfaringar som inspirerte han til å skrive «Noen må våke i verdens natt» og salmen «Fylt av glede over livets under». Det vart sterkt!

Og så er det slik at vi gjennom livet møter nokre mørke netter, både personleg, i møte med andre som har det vanskeleg, når det er krig og ufred i verda og vi opplever at folk vert dårleg behandla.

Det er ikkje alltid eg vågar eller klarar å tru at noko(n) held i meg når det kjennest som om alt er laust.
Men, denne salmen har vore ei hjelp for meg.

Du kan lytte til Oslo Gospel Choir sin versjon på Youtube:
www.youtube.com/watch?v=ZiL_6OVrQVs

Tekst: Dina Dyrhovden



Salme 738: NOEN MÅ VÅKE I VERDENS NATT

Kjelde: Norsk salmebok
T: Svein Ellingsen 1975
M: Trond H.F. Kverno 1975

1. Noen må våke i verdens natt, noen må tro i mørket,
noen må være de svakes bror, Gud, la din vilje skje på jord!
Hjelp oss å følge ditt bud!

2. Noen må bære en annens nød, noen må vise mildhet,
noen må kjempe for andres rett, Gud la ditt rikets tegn bli sett!
Hjelp oss å følge ditt bud!

3. Herre, du våker i verdens natt, Herre du bor i mørket,
Herre, du viser oss Kristi dag!
Selv under livets tyngste slag er vi hos deg, du vår Gud!
Amen, amen.

JULETREFEST PÅ NORDBYGDA SKULE



Før jul blei det arrangert juletefest i regi av ei eiga juletefest-gruppe bestående av engasjerte foreldre.

Det vart ein skikkeleg fin kveld, med allsong, juletre-gang og julekos. Viktigast av alt var den årelange tradisjonen der 1.klassingane står med tente lys og syng «Det lyser i stille grender». Like magisk som alltid.

Neste jul håpar me å gå tilbake til tradisjonell juletefest i regi av skulen, med alt det inneber.

Tekst og bilete: Juletefest-gruppa



DAGSTURHYTTA HAR FÅTT EIGEN SONG

Etter å ha besøkt dagsturhytta og køyrd på den nye vegen fekk Jo Ronald Mjanger inspirasjon til å laga ein song om dagsturhytta. Songen er spelt inn og snart kan du høyra han på Spotify. Masfjordingen takkar for den fine songen. Her er teksten:



På Bakken på Kvingo dar går da ein vei
so passa for alle, og veien e brei.
Dar kan eg køyra med min gode stol.
Kanskje så ser eg både måne og sol.

Du går i naturen og snart ser du ho:

Ja, dagsturhytto - for alle so vil.
Dagsturhytta - når du e sur so ei sild.
Dagsturhytto -for liten og stor.
Dagsturhytto - vår hytta på jord.

Inne i hytto finn du ei bok,
dar kan du sitja og lesa deg klok.
«Fjordblikk» e namnet på deg dar du står,
på Grøttneset ligg du år etter år.

Dar kan eg køyra på fira hjul:

Til dagsturhytto kan du gå på tur.
Til dagsturhytto kan du gå i full mundur.
Dagsturhytto - du står på ditt nes.
Dagsturhytto - når da regna og bles.

Dar kan du sitja og eta deg mett
om berre ikkje du har salat i ditt nett!

Dagsturhytto - for liten og stor.
Dagsturhytto- vår hytta på jord.
Takk te dykk alle so har stelt da i stand,
både veien og hytto, ja takk alle mann 2x

KJÆRKOMEN VITAMININNSPRØYTING I VINTERMØRKET



Bergensbandet Foreningen for By og Bygd sytte for eit prima laurdagsalternativ til den norske Grand Prix-finalen då dei gjesta Masfjorden og Sandneskaféen første laurdagen i februar.

I våre dagar er det ikkje så ofte at ein opplever ein heil country-konsert med berre norske tekstar. Det fekk me denne kvelden, og attpåtil på nynorsk. Den humørfylte og sjølvhøgtidelege gjengen hadde mykje på hjarte, og tematisk omhandla tekstane om alt frå isbrytarar i Finskebukta og kjærleik, til eit lite snakkesalig mannskap på ei båtrute i Nordfjord, og kabelferja vår.

Frontfiguren i bandet er Jens Kihl, ein snakkesalig og morosam Oslo-kar som har flytta vestover og lete seg begeistra av det vestnorske og av nynorsken, som han for øvrig omtala som Guds gåve til folket. Til dagleg er Kihl kulturredaktør i Bergens Tidende. Før denne konserten hadde han «lese seg opp på Masfjorden», som han sa, og via søk på nettet hadde han funne ut at Masfjorden er mest kjend for å ha fostra ein eks skattedirektør, og kabelferja. Til stor latter frå salen! Så då måtte det bli ein song om kabelferja. Teksten handlar om ein kar som drøymmer om å ri over prærien og å røyka fredspipe med Sitting Bull. Men han kjem seg aldri dit, det blir med draumen. I staden kjempar han kvar dag ein kamp mot kronglete vestlandsvegar og tyske bubilturistar. Ein dag kjem han til kabelferja. For at teksten i refrenget skulle rima på «saloon», vart motsvaret «mellom Masfjordnes og Duesuuuun». Til endå meir latter frå salen!

Musikk handlar om formidling. Det kunne dette bandet, og det var så fint å oppleve dei gode melodiane, harmoniane, samspelet og instrumenteringa. For oss publikummarar vart det ei heilt spesiell, artig og god oppleving å få bli med på ei reise med dette særeigne og originale bandet, både gjennom musikken og dei elleville forteljingane som batt programmet saman.

Med seg heimatt til byd'n fekk bandet som takk den nyleg utgjevne Ola R. Midtbø-boka «Gull i pære». Sidan kulturredaktøren ikkje heilt forsto kva boktittelen betydde, fekk han og resten av bandet i lekse å finna svar på dette, og kanskje laga ein song om uttrykket til neste gong dei vitjar Masfjorden.

Takk for besøket, og ei særleg takk til trommis og utflytta masfjording May Frida Bosch som tok bandet med seg tilbake til Sandnes der ho vaks opp.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Frank Kvinge

MUSIKAL-GLEDE PÅ SANDNES SKULE

Mellomtrinnet på Sandnes skule har i haust nytta ein del av musikktimeane til å øva inn musikalen Mamma Mia. 18. januar var dagen endeleg komen, og engasjerte og spente elevar slo til med to framsyningar, først for skule og barnehage på dagtid og deretter med open framsyning for familie og bygdefolk på kveldstid.

Musikalen hadde premiere i 1999 og er basert på ABBA sin musikk. Den etter kvart velkjende historien handlar om Sophie som skal gifta seg og er på jakt etter faren sin før den store dagen. Det er berre eitt problem- ho er ikkje sikker på kven han er. Etter å ha lese mora sine gamle dagbøker i all hemmelighet, oppdagar ho at han må vera ein av mora sine tre tidlegare kjæraster. Sjølv om ho veit at mora vil vera i mot det, inviterer ho like godt alle tre til bryllupet. Sophie prøver desperat å skjula dei for mora, men det går ikkje lang tid før mora finn dei og moroa startar.

Det ligg mykje læring i eit slikt prosjekt. All tekst både til dialog og songar måtte lærast utanat. Elevane har vore sterkt involverte i korleis dei ulike scenene og

rollene skulle utviklast. Dei har laga koreografiar til dansane. Dei har funne flotte kostyme, laga kulisser og rekvisittar. På ulikt vis har elevane utfordra seg sjølv gjennom å ta på seg oppgåver dei ikkje visste at dei kunne greia. Elevane framsto som trygge og frie. Songane står sjølvstendig sentralt i musikalen, og publikum fekk oppleve vokalprestasjonar på høgt nivå.

For oss lærarar er det ei sann glede å kunne få arbeida med slike prosjekt med elevane våre. Me opplever JA-elevar som involverer seg og tek ansvar, me opplever styrka samhold i elevgruppa, og me ser engasjerte og glade elevar som har det skikkeleg gøy saman.

Dette var kjekt! Dette vil me gjera igjen!

Tekst: Kristin Andvik Haugsdal

Foto: Ragne Steinde





KORGFEST I KINOSALEN

Søndag 28.januar inviterte ildsjeler og bygdefolk til internasjonal korgfest på Matre.

Føremålet med festen var å ha ein møteplass der masfjordingane kunne bli betre kjent med dei nye innbyggjarane og naboane våre, og omvendt.

Alle fekk i oppgåve å ta med seg ein rett etter fritt val, berre kreativiteten kunne sette grenser.

Det vart ein veldig kjekk ettermiddag. Alle dei frammøtte presenterte seg. Me fekk ete utruleg mykje god mat, og me fekk snakka saman. Alle var med på polonese, og det vart dansa til musikk frå Noreg, Syria og Ukraina.

Flyktingetenesta og frivillighetskoordinator fekk hyggeleg invitasjon av Charlotte og Lise til festen. Tusen takk for at me fekk komme, og tusen takk for eit flott initiativ!

Ingvill Molland Hafsås
flyktningsmedarbeidar



MØTE MED EIN TURENTUSIAST

Det er måndag og eg har vore på jobb på kommunehuset. På vegen heim legg eg turen innom Snikkarbua. Her har eg eit intervju å gjera. I dag skal eg snakka med Jane Britt Daae. Ho arbeider på NAV i Knarvik. På fritida er ho ein ivrig turgåar og aktiv i turlaget.

Kan du fortelja om deg sjølv?

Eg vaks opp på Frøyset. Då var eg ikkje særleg ivrig når det gjaldt å vera med på aktivitetar i friluft, for interessa for tur og friluftsliv kom først i vaksen alder. No bur eg på Kvingedalen i nytt hus saman med mann og hunden vår, og ute går sauene. Kvingedalen er ein liten plass med berre nokre få innbyggjarar, men eg likar å bu her.

Kan du fortelja litt om kva turlaget er?

Turlaget er eit lag for folk som likar å gå på tur. Hjøa oss har me Nordhordland turlag. Det er ein organisasjon som er ein del av DNT, Den Norske Turistforening. Me legg til rette for turar der ein kan gå eller rulle, padle, turar for barn, ungdommar, vaksne, tilrettelagde turar- alt etter kva medlemmane ønskjer. I laget er det rundt 2000 medlemmer. Me har mellom anna ansvar for turlagshytta i Kalvedalen og i Rongevær. Me steller og dei T-merka rutene frå Andvik og Kvingo som går til Kalvedalen.

-Kva er grunnen til at du no er blitt så interessert i turar og friluftsliv?

-Då eg var med i Risnes IL kom eg inn i styret og fekk ansvar for å leggja ut fjelltrimpostane. Dette syntest eg var kjekt, og eg fekk lyst til å gå fleire stader. I 2004 gjekk eg min første tur med turlaget, frå Kvingo til Stordalen. Etter kvart lærte eg å gå turlaget sine stiar i fjellet, og korleis turlagshyttene skulle brukast.

-Likar du turmaten som ein kan kjøpa på hyttene?

-På fjellet gjer eg det, men når eg kjem heim smakar det ikkje like godt med hermetikk!

-Kva verv har du hatt i turlaget?

Eg arbeidde på kontoret til turlaget i Bergen i fire år. Der jobba eg med å etablere nye lokallag og turgrupper rundt om i fylket, og å hjelpe dei frivillige. Nokre av aktivitetane og turane vart planlagt her, men alle turane til Nordhordland turlag vart laga av frivillige i Nordhordland. Elles har eg jobba mykje dugnad, og som eit resultat av dette fekk eg tildelt Budeiediltprisen for denne innsatsen.

-Kva er den kjekkaste turen du har vore på?

Oi, det var eit vanskeleg spørsmål, eg har hatt så utruleg mange fine turar og kan sitja her resten av dagen å fortelja om dei. Men eg må få nemna



nærturane ved Blådalsvatnet. Her har me bygd hytte. Det er ikkje så langt å gå dit, slik at me kan besøka hytta og området ofte, også på kvardagar etter jobb. Det er ikkje innlagt vatn og straum i hytta. Det kan vera litt tungvindt, men me likar å ha det enkle liv når me er på hytta. Då koplær me av!

-Men kva er den mest spesielle turen du har vore på?

-Eg likar Stølsheimen. Den ligg mellom Masfjorden, Modalen, Sognefjorden og Voss. Landskapet er variert. Av og til er det mjukt og frodig, av og til heilt rock'n roll!

Eg likar helst å gå på tur om sommaren, på beina. Eg har gått rundt Masfjorden tre gongar. Og sjølv om eg har gått mange turar i dei lokale fjella er det framleis mange turar her som eg ikkje har gått. Og eg likar fjelltrimmen, men eg vil først og fremst oppleve turane, ikkje berre samle poeng.

-Korleis er det å sova under open himmel?

-På turleiarutdanninga lærte me korleis me skal ordna oss når me skal sova ute. Me har alltid med ein vindsekk i tillegg til mat, liggeunderlag, førstehjelpsutstyr og satellitt-telefon. Den er stor og liknar på dei telefonane som var før i tida. Eg har brukt

denne telefonen ein gong. Då var det ei dame som brakk foten.

-Kva synest du om dagsturhyttene?

-Eg synest det er eit kjempeflott tiltak. Det er bra at folk går på tur og at ein treff andre som ein elles ikkje treff.

-Er du mykje inne?

-Folk trur kanskje at eg er på turar heile tida, men eg er nok ganske vanleg. Eg har kontorjobb og sit mykje framfor pc og likar meg elles godt inne. Men så tek eg småturar langs Kvingedalsvatnet saman med hunden. Eg likar slike småturar!

-Har du andre hobbyar?

Eg likar godt Sudoku. Til og frå jobb høyrer eg lydbøker, og elles likar eg å vera med familie og venner.

Dette har vore ei kjekk stund. Jane Britt er eit nytt bekjentskap for meg, og eg har møtt ei dame med



ein utruleg fin personlighet og som ivrar for friluftsliv og å leggja til rette for gode turopplevingar. Eg takkar for ei interessant og triveleg stund saman med ein flott turentusiast.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto av Blådalsvatnet: Jane Britt Daae

AKUTT MEDISINSK ELDREOMSORG

10 tilsette i Masfjorden kommune, tre frå heimetenesta og sju frå sjukeheimen, tok i januar etterutdanning i «Akuttmedisinsk eldreomsorg».

Første del av kurset bestod av tre dagar digital samling med zoom-møte og eigenstudie.

I del to var det tre dagar fysisk samling på Verdighetsenteret i Bergen. Her fekk deltakarane prosedyre-trening, undervisning og simulering.

Me vil gjerne takke kommunen for at me fekk delta. Dette var lærerikt.

Tekst og foto: Kursdeltakarane



TUSEN TAKK FOR FANTASTISK GJEVARGLEDE

I år blei det for første gong arrangert julegåveinnsamling i Masfjorden. Mottakarar var familiar i kommunen som i år hadde behov for støtte inn mot julehøgtida.

Over hundre julegåver og gåvekort kom inn under juletra på dei ulike mottaksplassane i kommunen. Gåvekorta, som kunne brukast på nærbutikkane, var det helselaga som bidrog med.

Ei stor takk til alle dykk som har bidrege til juleglede for fleire barn og unge i Masfjorden. Takk til helselaga som har ordna med gåvekorta, og takk til dei fire mottaksstadene som har lagt til rette for «hjartelappar» og innlevering av gåver.

Det er Frivilligsentralen, saman med helsestasjonen og helselaga i Masfjorden som har organisert innsamlinga.



JULEVERKSTAD

19. desember arrangerte frivillige i samarbeid med Frivilligsentralen juleverksted på Sandnes skule. Flyktningane var spesielt inviterte for å få innblikk i Noreg sine juletradisjonar som til dømes å laga juledekorasjonar.

Dei ukrainske deltakarane kunne fortelje at det ikkje var så vanleg i Ukraina å pynte til jul slik som vi gjer her i Noreg. Nokon pynta, men langt ifrå alle.

Det vart ein veldig kjekk kveld med mykje fine resultat av julepynt, gode samtaler, og som alltid noko godt å bite i.

UNGDOMSKLUBB

Frivilligkoordinator har vore og besøk til alle ungdomskulane i Masfjorden kommune for å høyre kva ungdomen sjølv meiner om fritida si i Masfjorden. Det som kom fram var mellom anna at dei sakna ein plass å «henge» i lag. Dei blir organisert heile dagen på skulen og mange er med på organiserte fritidsaktivitetar etter skuletid.

På Frivilligsentralen sine lokale på Hosteland er det no laga til eit ungdomsrom. Nokre karar frå arbeidslivsbygda på Nordbygda skule har vore med på å rive skap og måla veggjar. Inventaret er gåver frå bygdefolket, mellom anna ein flott skinnssofa og eit bord. Me har og fått mange spel.

Frivilligsentralen i samarbeid med FAU/Nordbygda og frivillige gjev no ungdommen på ungdomstrinnet tilbod om ungdomsklubb kvar onsdag etter skulen frå kl. 14.30 til om lag kl. 17.30.

På sikt håpar Frivilligsentralen at me kan få til eit slikt tilbod også i dei to andre skulekrinsane.



Frivilligsentralen ønskjer og at me kan invitere nokre gongar i året eit trinn frå alle kulane og møtast på Frivilligsentralen etter skuletid. Det kom og fram som eit ønskje frå ungdommen om å møtast oftare på tvers av kommunen. Dette skal me jobbe meir med.

Tekst og foto: Kristin Kvamme Rasch



BRUBYGGJAREN

Etter ein lang politisk karriere og 12 år som ordførar har Karstein Totland no blitt pensjonist. Eg fekk ein prat med Karstein i kantina på kommunehuset då han var på veg heim frå tannlegen i Knarvik.

-Kan du fortelja litt om deg sjølv?

-Ja, kva vil du vita? seier Karstein og ler godt. - Eg begynner jo å bli ein godt vaksen mann.

Eg har budd i Masfjorden heile livet, og er fødd på Andvik. Eg er yngst i søskenflokk, eg har to rette søsken og to eldre søsken som vaks opp hjå oss.

-Eg vaks opp på Boligen attmed sildefabrikken på Andvik. Der jobba far min, og eg var mykje med han på arbeid.

-Skulegangen hadde eg på Andvik. Skulen var delt i 3-årig småskule og 4-årig storskule, og eg gjekk på skulen annankvar dag. Læraren budde i skulehuset. Han heitte Olav og er faren til Lovisa Midtbø. Eg gjekk tre år i småskulen og eitt år i storskulen.

Då vegen kom i 1965 blei grendeskulane på Hope, Andvik, Kvingo og Sandnes samla på ny skule på Sandnes. I tillegg vart skulen ungdomsskule for heile kommunen.

-Har du alltid vore interessert i politikk? Og har det alltid vore Høgre-politikken som har fenga deg?

-Ja, faktisk har eg det. Men det var litt tilfeldigheiter som gjorde kvar eg hamna politisk. Eg fekk tilbod om å vera med då dei skulle skipa Høgre i Masfjorden. Dette var tidleg på 80- talet. Nokon kjenningar spurte om eg ville vera med, og eg sa ja.

-Har du alltid hatt ein draum om ein dag å verta ordførar i Masfjorden kommune?

-Nei, det har eg ikkje, men då Håkon Matre trakk seg i 2011 var det ingen som var villige til å stå på toppen av lista. Då hamna eg der, Høgre gjorde eit godt val og eg enda opp som ordførar.

-Kva endringar i livet måtte du gjere då du vart ordførar?

Han ler litt. - Eg er jo eigentleg tømrrar, og jobba som det i over 30 år, både som sjølvstendig næringsdrivande og som tømrrar/vaktmeister i kommunen. Saman med Lars Helge Haugsdal



bygde me mange hus, og var mellom anna med på å bygga kommunehuset og skular. For å koma raskast mogeleg til jobb, t.d. på Matre, tok me ofte båt.

-Arbeidsdagen som ordførar vart heilt ulik den eg hadde hatt tidlegare. Tømrrararbeid er tungt fysisk arbeid. Det tok og ei tid før eg vart van med å sitja i ro på eit kontor. Eg måtte røysa meg mange gongar og gjekk ofte litt rastlaus rundt på kommunehuset.

-Då eg begynte som ordførar var eg ikkje så stødig på data og eg var ikkje så glad i mobilen då den gjorde sitt inntog seint på 80-talet. Den teknologiske utviklinga har vore enorm. Eg hugsar då eg var ung og budde i Bergen. Då måtte eg til telegrafan for å ringa heim til Andvik. Men no har eg vorte veldig glad i å bruke telefonen og eg likar å ringe og prate med folk. Eg er meir glad i å «slå på tråden» til folk enn å senda meldingar.

-Kva er eigentleg ein ordførar og kva er jobben til ein ordførar?

-Ordføraren er den øvste folkevalde tillitspersonen i ein kommune. Ein ordførar er kommunen sin talsmann. Han representerer kommunen. Når ordføraren vert invitert til ulike oppdrag som opningar, prisutdelingar, jubileum, konferansar osv., då gjer han det på vegne av kommunen, og er kommunen sitt ansikt utad. Før var ordførarjobben deltidsstilling, men no er det så mykje ein skal vera med på at det har blitt ei fulltidsstilling.

For meg vart det å vera ordførar ein livsstil, men det var og ein fornøyelse. Eg har likt å vera

ordfører! Eg har lært mykje som ordfører. Då eg starta vart eg kursa i korleis ein skal oppføra seg når avisene og andre media tok kontakt. KS hadde opplæring slik at eg fekk øvd meg på korleis ein skal arbeida med vanskelege spørsmål. Som ordfører har eg heile tida arbeidd for at kommunen vår skal vera ein god stad å bu, og å vera med på å leggja til rette for gode tilbod for innbyggjarane, og utvikling. Av og til kan du få litt «tyn» for at du ikkje greier å gjennomføra det som ein har lova- men så får du veldig skryt når ein gjer noko som innbyggjarane likar.

-Kva har vore det kjekkaste med å vera ordfører?

-Nei, det er vanskeleg å seia, eg synest eg har vore heldig med dei kommunestyra som har blitt valt, me har jobba godt saman og me har vore samde i dei aller fleste sakene. At me har stått saman om å ikkje byggja ut fjellheimen vår med vindmøller har betydd mykje for meg, like eins at mange har støtta meg i den vanskelege kampen for å få grønt lys for Masfjordbrua.

-Kvifor kjempa du så hardt for bru over Masfjorden?

-Eg har ei sterk tru på at ei bru vil vera med på utvikla kommunen vår vidare. Gode kommunikasjonar betyr svært mykje for at folk skal busetja seg, for at næringslivet skal kunne satsa her og for at ein kan driva kommunen på ein effektiv og god måte. Brua kjem!

-Saknar du den gode maten og dei gode kakene du fekk på opningar, møte og jubileum du var med på?

Han ler. -Ja, det var gode kaker! Men eg kan ikkje seia at eg saknar dei. Eg skal nok overleva utan marsipankake! Og eg skal fint klara meg utan å gå i mørk dressjakke kvar einaste arbeidsdag også, ler han.

-Korleis var koronaperioden?

-Den var ei vanskeleg tid, men takka vera godt kjennskap med nabo-ordførarane og godt samarbeid via Teams og andre digitale kanalar fekk me løyst arbeidsoppgåvene. Men det var litt uvant å ikkje kunne møta dei ein samarbeidde med «på skikkeleg vis».

Kva skal du til med no som du ikkje er ordfører lenger?

-Ja, sei det! Forhåpentlegvis blir det ein litt meir aktiv livsstil i friluft.

Eg har ein heil del småtterier heime som eg skal ordna. - Eg fiskar ein god del. Så har eg ti villsauer som går på garden hjå broren min. Dei er for det meste ute. Eg likar å ha ein viss kontroll på dei, difor har eg gjerda inn eit beite til dei. Eg har laga eit lite hus til dei der dei finn høyr om vinteren. Det er kjekt med sauer!

Så har me overteke ei hytte på Herøy etter svigerforeldra mine. Her har me fått gjort ein god del oppussing og fått lagt inn straum.

Karstein vert ivrig når han fortel om øyane ut i Fensfjorden. -Tidlegare budde det folk på alle øyane her ute, både på Raunøyna, Hogsøyna, Dyrøyna og på Herøyna.

-Så har eg barnebarn som eg likar godt å vera saman med. Det skal bli godt å ha god tid til å vera ein god ektefelle, far og bestefar, avsluttar Karstein.

Masfjordbrua kom ikkje i Karstein si regjeringstid, men eg trur me trygt kan seia at han likevel har vore ein god brubyggjar i og for kommunen. Karstein har styrt masfjordskuta trygt gjennom dei tre periodane han har vore ordfører. Han har lytta, involvert seg og hatt eit stort hjarte og engasjement for innbyggjarane i kommunen vår.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger



BEREKRAFT, BIOSFÆRE OG BIBLIOTEK

Masfjorden folkebibliotek er no godt i gong med prosjektet «Berekraft, biosfære og bibliotek». Biblioteka i Nordhordland jobbar saman for å retta fokus på biblioteket si rolle som møteplass og formidlar innan berekraft, FN sine berekraftsmål og Nordhordland som UNESCO biosfæreområde. Prosjektet samarbeider med Nordhordland biosfæreområde og lokale organisasjonar i regionen om ulike arrangement, samtaler og treff i prosjektperioden.

Kva er Nordhordland Biosfæreområde?

Eit UNESCO biosfæreområde arbeider for berekraftig utvikling der ein skal ta vare på det biologiske og kulturelle mangfaldet, og vidareutvikle lokalsamfunnet i ein berekraftig retning.

Spiselig hage

Tysdag 21.11 hadde biblioteket på Hosteland besøk av Dennis Asbjørnsen: greenfluencer, forfattar, foredragshaldar og innehavar av Noregs største kjøkkenhagekonto, «Spiselig hage», på Instagram. Her delte han av egne erfaringar med å dyrke økomat frå eigen hage i Stavanger, og gav gode tips og råd for å dyrka enkelt, billig og berekraftig! Ein veldig fin

oppleving for dei som var tilstades, med ein inspirerende foredragshaldar. Dersom nokon gjekk glipp av foredraget kan de kome innom biblioteket for å låne bøkene hans.

Fleire arrangement i vinter og vår
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy og Vaksdal er i prosjektet, og vil alle ha ulike arrangement knytt til temaet i tida framover. Alle arrangementa er gratis, og masfjordingar er like velkomne på arrangement i Gulen, som i Knarvik og Masfjorden. Følg med på Masfjorden folkebibliotek si facebookside, og i Masfjordingen, for informasjon om arrangementa.

Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Tekst og foto: Andrea Horgen Kvinge



KONSERT I GRANNEHEIMEN



Fredag 12.01 kunne Masfjorden folkebibliotek og Granneheimen invitere til **koncert med Stig Ulv.**

Han serverte instrumentalmusikk og nynorsk lyrikk, saman med bilete frå Vestlandet og morosame forteljingar. Etter konserten var det god tid til å prate med kjente, og å gjere eit innhogg i baksten som vart servert.

Det vart ein fin kveld for dei oppmøtte, med kjekk underhaldning, sosialt samvær og god mat og drikke i eit flott lokale.

Tekst og foto: Andrea Horgen Kvinge

ENDELEG AKTIVITET PÅ BERIVEST



Erfaren instruktør: Brigadesjef i Bergen brannvesen, Kjell Jacobsen var instruktør på kurset som vart gjennomført i januar. Her saman med kursdeltakarane.

Det nye øvingsanlegget Berivest er resultatet av eit interkommunalt samarbeid som skal sikra kompetanseheving i GMBR.

I slutten av 2018 vart satsing på Berivest vedteke i kommunestyra i Masfjorden og Gulen, og endeleg står senteret klart til bruk. Tanken er å driva lokal opplæring og få eit kompetanseløft hjå dei deltidstilsette brannfolka i kommunen. Totalt er det 63 tilsette i GMBR, fordelt ut på dei ulike brannstasjonane i dei to kommunane.

Grunnkurs

I januar var det klart for første kursing på det nye senteret,- Grunnkurs for mannskap i deltidsbrannvesen. Kurset er obligatorisk for alle heil- og deltidsbrannmannskap som arbeider innanfor Brann og redning. Kurset går over fire samlingar, og inneheld teori, gruppeoppgåver, ulike case og ein del praktiske øvingar. Til saman 191 timar kursing, der kursdeltakarane må rekne med ein del eigenstudie. Eit nytt kurs vert arrangert til hausten att, og målet er at meir enn 50 prosent av mannskapet skal ha fullført grunnutdanninga innan 2024.

Kompetanseløft

- Me er svært nøgde med øvingsanlegget, og vil også nytta det til anna type opplæring, som til dømes kurs i hjarte- og lungeredning, fortel brannsjef Lars Jørgen Svendsen.

Tekst og bilete: Sigrun Haugsdal Reknes



INSPIRERANDE UKM-SAMARBEID MELLOM GULEN OG MASFJORDEN

I vinter har kultureiningane i Gulen og Masfjorden gått saman om å arrangera tre kort-kurs for ungdomane våre, i regi av dei kommunale UKM-kontaktane.

Siste helga i januar var kring 15 ungdommar samla på Dalsøyra for å læra graffiti. Graffiti er tekstar eller teikningar som vert måla på murar og undergangar, ofte anonymt. På kurset vårt var det ingen anonymitet og enno var det for kaldt til å måla utandørs. Instruktør fokuserte difor på sjablonggraffiti. Dette er kunst laga med ein mal eller ei form med mønster som vert nytta til å gjenskapa mønsteret på ein annan gjenstand. Kurset gjekk strålande, der både deltakarane og instruktøren hadde det veldig kjekt.- Eg er imponert over kor flinke dei er, seier instruktør Susan Norman.

Alle som ville fekk ikkje plass på kurset. Det vert difor sett opp eitt til kurs i løpet av våren. Til slutt vil ein samla alle deltakarane til ei uteøkt med graffiti på mur. Ta kontakt dersom du har ein stor mur du vil «friska opp»!

Neste kort-kurs er 9.-10 februar. Då vil 18 ungdommar vera samla på Dalsøyra (dag 1) og Nordbygda skule (dag 2) til dansekurs med Irmelin Gripsgård som instruktør.

Helga etter, den 17.februar blir det bandseminar på Nordbygda skule. Her er det 25 påmelde, og dei vil få

god instruksjon av dyktige musikarar, med primus motor Jon Martin Skauge i spissen.

Alle kursa er gratis, og vert gjennomført med økonomisk tilskot frå UKM sentralt.

Det har vore kjekt å oppleve stor påmelding til kursa. Dette fortel oss at slike tilbod er noko ungdomane våre ønskjer.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Johanne Halland Fridtun



DYKTIGE MASFJORD-UNGDOMMAR PÅ UKM



Første helga i februar var over 100 ungdommar frå Nordhordland samla til UKM-mønstring på Leiknes skule. Detter ei årvisst hending og i år var 11 ungdommar frå Masfjorden med på mønstringa. Tirill, Embla, Sanna og Sofie deltok med songinnslag. Jenny Sofie spelte piano. I tillegg deltok kulturskulebandet Tigers med Ben George, Lars Manfred, Artur, Madelein, Amalie og Jenny Sofie.

På mønstringa fekk ungdomane vist litt av det dei er opptekne av. Det var flest musikkinnslag i musikk sjangeren, men ein fekk og oppleva dans, tekstopplesing, film og kunstutstilling. I tillegg besto heile arrangørstaben av ungdommar.

Mange solistar nytta seg av tilbodet om å få profesjonelt akkompagnement frå husorkesteret. Det var lagt opp til øving i forkant av mønstringa slik at utøvarane kunne kjenna seg trygge i framføringa. Dette vart ei god oppleving for dei unge utøvarane!

Storstova på Leiknes var flott rigga, og i salen var det godt med publikum gjennom heile dagen.





Ein fagjury hadde i oppgåve å plukka ut innslag som skal representera Nordhordland på fylkesmønstringa på Askøy i april, og eitt av desse innslaga stod rockebandet Tigers frå Masfjorden for.

I bandet spelar Ben George Kvingedal, Artyr Zaliznyi, Madelein Strand Andvik, Amalie Lahti Fjellby, Jenny Sofie Kvinge Hjelmtveit og Lars Manfred Nordland

Kvinge Tvedt. Fylkesmønstringa går av stabelen helga 19.-21. april.

Du kan sjå biletserie og lesa meir om UKM i lokalavisene. Avisa Nordhordland har og eigen reportasje om Tigers.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Kasper Valestrand, Avisa Nordhordland

JOBB- OG UTDANNINGSMESSE I SLØVÅG

I november var det klart for det årlege samlingspunktet der verksemder i regionen får visa seg fram til unge som skal velgje yrke, samt dei som er på jobbja. Masfjorden kommune stilte sjølv sagt med stand for å rekruttera til kommunen.

Aldri har det vore så mange verksemder med på messa i Sløvågen som i 2023. Det er vorte eit populært samlingspunkt, der blant anna alle ungdomsskuleelevane i Masfjorden og Gulen er spesielt inviterte. Dei deltek på messa for å få innsikt i kva arbeid distrikta har å tilby.


Masfjorden kommune hadde fleire ledige stillingar å fortelje om, men for ungdomsskuleelevane er det viktigare å få informasjon om kva moglegheiter som finnes i kommunen vår. Om nokre år vil ein gjerne ha behov for folk med utdanning innanfor økonomi, teknisk, pedagogikk i tillegg til det store behovet for helsepersonell. Det at ungdommane får innsikt i kor mange forskjellige jobbar som finnes i ein liten kommune er viktig for å trekkje dei tilbake til heimkommunen etter fullført utdanning.

Per november 2023 var det registrert ei arbeidsløyse i Masfjorden på 0.6% hos Nav. Pressemelding frå januar 2024 syner ei auke til 1.3% heilt ledige. Dette heng saman med at ei gruppe flyktningar like før nyttår var ferdig med introduksjonskurset, og no er registrerte som arbeidssøkarar.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



Nora Haugsvær og Martha Vågseth i full konsentrasjon over quiz frå Masfjorden kommune, der hovudgevinsten var sommarjobb i kommunen.



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
12. mars, 28. mai**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.



KONTAKTINFORMASJON



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevjerje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjevevjerja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærer:
Tina Meland Lønnebakken
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post: tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:
Ingrid Helene Raunehaug
Tlf.: 416 10 191
e-post: ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513